

SAKSFRAMLEGG

Til:
Fakultetsstyret for Det helsevitenskapelige fakultet

Møtedato:
18.06.2019

Sak:

Instituttråd eller -styre ved Helsefak

Innstilling til vedtak:

1. Fakultetsstyret ved Det helsevitenskapelige fakultet opprettar instituttråd ved institutta på fakultetet med oppstart 1.8.2019
2. Storleiken av rådet er fastsett på bakgrunn av storleik, samansetting og geografisk plassering av institutta, og er som fylgjer:
 - IFA – 7 medlemmar
 - IH – 7 medlemmar
 - IHO – 9 medlemmar
 - IKM – 9 medlemmar
 - IKO – 5 medlemmar
 - IMB– 9 medlemmar
 - IPS – 7 medlemmar
 - ISM– 9 medlemmar
 - IVP – 5 medlemmar
 - RKBU – 5 medlemmar

Rådet kan ha eksterne medlemmar, men maksimal storleik på rådet er 9 medlemmar.

3. Fakultetsstyret gjev dekanen fullmakt til, å utnemne rådsmedlemmar, innanfor dei vedtekne retningslinene og innspel.

Grunngjeving:

Universitetsstyret handsama 13. mars 2019 S 11/19 *Styring, ledelse og medvirkning på nivå 3 ved UiT Norges arktiske universitet*, og vedtok at me skal etablere styre eller råd på nivå 3 i institusjonen. Fakultetsstyret avgjer styringsordning ved det einskilde institutt.

Universitetsstyret gav i same sak (S 11/19) fullmakt til universitetsleiinga om å fastsetje nærare rammer for etablering av instituttråd og instituttstyre. Instruksar for høvesvis instituttstyre og råd, og foreinkla forretningsorden som skal gjelde for råd, ligg vedlagt.

I forkant av saka i universitetsstyret har det vore lagt ned eit grundig arbeid av ei arbeidsgruppe. Grappa leverte rapporten «Styring ledelse og medvirkning på nivå 3» (6.11.2018) og på bakgrunn av denne har det vore ein brei høyringsrunde ved universitetet. Institutta ved Helsefak fekk i denne samanheng høve til å uttale seg, jamfør brev datert 20.11.2018 (arkivref 2018/5482). Saka var fyrst oppe i fakultetsstyremøtet 5.12.2018 (FS 44/18), då valde styret å utsetje saka og gav dekanen fullmakt til å vareta styring og leiing på nivå 3 fram til universitetsstyret gjorde sitt vedtak (13.3.2019).

I etterkant av vedtaket i universitetsstyret har saka vore diskutert i fleire leiarmøte ved Helsefak (7.5, 14.5, 21.5. og 4.6.2019).

Dekanens vurdering er at saka har vore grundig drøfta i organisasjonen.

Styre eller råd

Det er dekanens haldning at fakultetsstyret bør vedta å innføre instituttråd ved alle institutta på fakultetet. I det fylgjande vert det gjort greie for bakgrunnen for denne tilrådinga. I rapporten til den sentrale arbeidsgruppa vart det skildra at fem av ti institutt ved Helsefak hadde styre (IHO, IKO, IPS, ISM, RKBUE), og fem hadde instituttleiar utan styre (IFA, IH, IKM, IMB, IVP) fram til årsskiftet 2018/2019. Det er med bakgrunn i tilgjengeleg dokumentasjon ikkje mogleg å seie at det har vore vesentleg skilnad i styringsdugleik eller rettane til dei tilsette mellom institutt med og utan styre ved fakultetet. Det kan òg leggjast til at ved UiO, UiB og NTNU har dei heller ikkje eigne styre på instituttnivå.

I samband med gjeldande sak har universitetsleiinga utarbeidd nye instruksar som skal gjelde for høvesvis instituttstyre og instituttråd. Reglar for storleik og møtefrekvens er like for både organ (1-2 møte per semester; 5, 7, eller 9 medlemmar), og instituttleiar leier organet. Ein viktig skilnad er at rådet vert utnemnd av fakultetsstyret (eller dekan etter fullmakt) etter innspel, medan styret vert vald etter gjeldande reglement. Ein annan viktig skilnad er at råd skal ta omsyn til geografi, medan instituttstyre ikkje varetek eit slikt omsyn. Det er opp til fakultetsstyret (eller dekan på fullmakt) å avgjere korleis ein finn fram til rådsmedlemmar. Vidare er oppgåvene til organa ulikt skildra. Rådet «skal være informert om enhetens virksomhet, og kan drøfte og gi tilrådinger i saker av betydning for innhold og kvalitet i denne.» Medan styret skal i tillegg «skal behandle og fatte vedtak i saker som gjelder planer, budsjetter og sentrale prioriteringer, i samsvar med rammer og vedtak gitt av universitetsstyre/-ledelse og fakultetsstyre/-ledelse.» Ved å gå inn for ein einskapleg struktur for styring og leiing ved fakultetet vert det lagt opp til å betre kunne utvikle ordninga på tvers av institutta og gje ei tydeleg avklaring på instituttleiarrolla.

Det er dekanens vurdering at dei fastlagde rutinane kring budsjett og strategi gjer at det er større trong til eit organ som kan drøfte og koma med innspel (medverknad) i prosessen, enn som skal vedta (medråding). Styring, i den forståinga som er lagt til grunn i rapporten, er sterkt knytt til lover, forskrifter og rutinar. Medraderetten i desse sakene er i større grad knytt til fakultetsstyret og universitetsstyret. Utover dette er medraderetten sikra gjennom arbeidsmiljølova og verneombodsordninga.

Ein gjennomgang av referata frå instituttstyremøte i perioden 2016-2018 syner, for det fyrste at det er særskild praksis i korleis styret fungerer, men framfor alt at styremøta er prega av orienteringar og rapporteringar.

Eit sentralt argument for instituttstyre har vore valordninga: representantane vert nominert og valt innanfor eigen valkrins (tilsettgruppe ved instituttet). Det sikrar at dei ulike gruppene, faste og mellombels vitskapleg tilsette, teknisk- og administrative tilsette og studentar er representert. Men ei utfordring er at denne ordninga ikkje sikrar representasjon på tvers av fagbakgrunn og geografi. Arbeidsgruppa peikar i sin rapport «Styring, leiing og medvirkning på nivå 3» òg på utfordringar knytt til lojalitet, ved at valde styremedlemmar ser på seg sjølv som representantar for interessene til éi gruppe og ikkje for instituttet som heilskap. Det er viktig å skilje mellom det å nytte sine erfaringar og kunnskap til å drøfte ulike sider ved ei sak, men likevel tenke heilskapleg på verksemda, og det å arbeide for ei mindre gruppe og ikkje ta omsyn til heilskapen. Ved samansetjinga av eit råd må fakultetsstyret (eller dekan på fullmakt) ta omsyn til fleire faktorar enn tilsettgruppe. Nominasjonen er open og sjølve utnemninga gjeng føre seg i eit valt organ – fakultetsstyret, eller dekanen på fullmakt. På den måten meiner dekanen at krav til demokrati, openheit og brei samansetting i rådet vert godt vareteke.

I tråd med ei forståing av kollegialitet som ein kunnskaps- og dialogstyrd arbeidsprosess og tufta på kultur vel så mykje som struktur, er det avgjerande å vareta og leggje til rette for grundige drøftingar i råd òg utover på instituttet. Dette meiner dekanen det lagt opp til i den forenkla forretningsordenen for instituttråd.

Helsefak har no ti institutt. Tilbakemeldingane frå instituttleiarane er i skrivande stund at berre éin av dei ti føretrekk styre.

Dekanen vil på bakgrunn av denne drøftinga føreslå en einskapleg struktur for styring- og leiing for nivå 3.

Det er ynskjeleg at institututråda vert etablert innan 1.8.2019. Derfor vert det bede om ei fullmakt frå fakultetsstyret til, i samråd med institutta, å finne og utnemne medlemmar. Det vert lagt til grunn at prosessen kring utnemninga er gjennomsiiktig og tufta på demokratiske prinsipp.

Thrina Loennechen
Dekan

Trond Nylund
Konstituert fakultetsdirektør

Saksbehandlar Åsne Ø. Høgetveit

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev ikkje signatur

Vedlegg

- 1 Intern høring om Styring, ledelse og medvirkning på nivå 3
- 2 Vedlegg: Rapport Styring, ledelse og medvirkning på nivå 3
- 3 Oversendelse av instruks for styrer og råd ved enheter på nivå 3 i UiTs organisasjon
- 4 Instruks for styrer og råd ved enheter på nivå 3 ved UiT Norges arktiske universitet
- 5 Oversendelse av instruks for styrer og råd ved enheter på nivå 3 i UiTs organisasjon

- 6 Innspill til fakultetet om styringsform fra Institutt for helse og omsorgsfag
- 7 Innspill til fakultetet om styringsform fra Institutt for psykologi